

Ta godt imot hjarteloddd-seljarane!

12.03.2010



**Det er lang tradisjon for eit tett samarbeid mellom skulen og helselaget om loddsal i Uskedalen og no er det klart for ein ny runde: Salet av hjartelodd.**

**Alle elevane skal ut og selgja slike lodd no i helga og i starten av neste veke og dei har fått utdelt 500 lodd.. Det er er det same talet som skulen fekk i fjor, og då vart alle loddet selde.**

- Elevane gjorde ein storinnsats slik dei plar gjera, seier leiar Selma Eik i helselaget til uskedalen.no. Ho går ut ifrå at dei blir like positivt mottekne denne gongen.

Ettersom prisen pr. lodd er 30 kroner vil summen bli 15.000 om alle blir selde og elevrådet i skulen, som organiserar salet, får behalda 35 prosent.

Men i år vil ikkje pengane gå til eitt eller anna godt føremål ved skulen - men til jordskjelvofra i Haiti gjennom Redd Barna. Dette var ei samrøystes avgjerd i rådet!.

På biletet er elevrådet samla og klart til innsats. Tredjeklassen er ikkje representert på biletet, for dei hadde gym!

(Foto: Ola Matti Mathisen)